Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Naustdal S.

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Åsedalen

Oppskr. av: M. Sollid

Gard: Sollid

(adresse): Naustdal S.fj.

G.nr. 147 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Eng er vel helst frå nyare tid. Det var bø ein brukka i eldre tid. Nemningar: Fåbö for bö som var gjödsla. Småbö for ugj. bö.

Det er truleg at ekre var brukt sumtid. For her er gardsnamn på ekre. – Ekrene (ein gard på Vorrstad, her) Øvreekrene (ein gard på Finnland, her) Merk: Det er berre i daglegtale desse namni er brukte. Båe desse gardane er av dei största i bygdi. Og det er truleg at det kunde vera fleire og mindre ekror der enn elles.

Attlega er nok frå nyare tider. Og kome inn gjenom fagliteratur og ved fagfolk.

Slike småstykke som vart lagt att til bö, vart nemnde åkre-stykke "Ytståkrestykkje" – "Storåkrestykkje". Elles og sa dei åk-

3882

2. nammet som fyr: Storåkren, Ytståkren, Nedståkren, Löåkren. Dette var då heile åkeren var attlagd til bå. Spursmålet vert då um ekrene kjem av fleire attlagde åkrar. I tilfelle skulde desse nemningane vera i samsvar med det.

Namn på höy: Det var tåhöy og småhöy for gjödla og ugjödla bå.

Longorvslatte og stuttorvslatte var og e gjengse nemningar. Dei sa og longorvsteig (ein) og stuttorvsteig.

Sp. 2. Å raka lauv og kvist på småböen um våren kalla dei å trysja. (Trysja, trys, truste, trust.)

Dungane av rakstren kalla dei trusdungar. Og dei vart jamnast liggjande år etter år, og rotna. Dei vart då og lagde slik at dei ikkje meinka slåttearbeidet. Markaslattå (utslåttene) vart ikkje truste — det eg veit.

Men elles var vel dette skoglause bakkar og myrar.

Ein ser ofte merke etter ~~at~~ steinrydjing rundt um på udyrka eng. Sumtid er steinen röysa, sumtid lagd upp i små eller större murar — der landet halla. Uppå murane vart det då tiljamna små eller

3882

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

större flator-"gjære". Der ha jordi vore brukt opi m.a.o. ho var dyrka. Ofte var nok desse "smågjerå" rudde av tenestfolkå i den tid det var gjengs å brenna seg julebrennevin av potetes.
Tenestfolki fekk då lov å "setja seg" litt potetes - so ~~da~~ kvar kunde ha sitt eige julebrennevin. So skjenkte dei kvarandre - drengjane og taûsene - og ha det gromt.
Legdekallane kunde og røysa saman stein og grava gjere. So fekk gjerne styki namn ~~etter~~ dei, som: Monshaugjiv, Lodvikgjære, o. v.
Av desse smårydjingane ~~vart det~~ - anten det var bru-kaven sjølv, som vel var det vanlegaste, drengjane, elles legdekallen som rudde dei - vart med tid og stundes til tåkbø og auka tåhøymengdi på garden. (Det som var vandt var å hava nok hævd til det alt. Det vilde ~~so~~ lett verta so at desse stykki, som berre ha vore opne nokre år, og ikkje var i hævd komne snart gjellu i øyde. Det vart mose, og lite med høy).

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 3882

På desse rydjingane – som var store nok til det – kom det so upp ei hes – liti eller större –. Ho stod der til merke på landvinningi i fekk sitt namn, og kom med i talet på hesjane på garden – for dei var talde –. Og so stod hesjane der og mælde höy, avling, hevd, vedlikehald. Og brukaren måtte skaffa, han måtte tögja seg, elles "gjekk det tilatters". Og det måtte det ikkje gjera.

Sp. 3.

I den siste tid fyrr ein reknar at skiftebruket kom til her, var det nok ikkje so få som kjöpte av dei so-kalla moseharvane og prövde å rydja ut mosen med dei.
Elles veit ein ikkje av nokor serlege rådgjerder mot mose i eng. Det var nok prövd med oske og "tvag". Men som ein kan skyna vart det no ikkje langt ein kom med dette.
Det vanlegaste var vel at åkrar som skulde attleggjast til bå fekk gro til med gras utan nokor serleg i-såing med frø. Ein hadde hevd utover slike stykke, og "kruka" henne fin med rive

3882
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

So plukka ein småsteinen vel av, og köyrde han vekk.
Nako grasfrø var dat no i gjödsli, noko i jardi. Og um ei tvo tri år var det kome god gras-svord. Det skilde elles mykje jardslag — til å vera nans å grasgro. Det kunde vel henda at ein fann litt opsap på lö-tilet til å ha ufover "attleggji" men "höyfröet" högrde gaisno til; og det var vel nytta etter kvart.

Sp. 4. På udyrka fastmark-eng finn ein ofte gamle veitor. Det er grunne halveitor. Og ihopsegne laus veitor. Kor gamle desse veita-ne er, er ikkje so godt å segja. Det for vel vitskapen taka fast med. Det merkelege med desse veitone er at dei etter måten verkar godt. Og at "gröfteretningi" er just den same som fagfolk i det alles siste vil ha. Sugegröftene ligg på skrå på fallet.

Gröfting på rettleg myr hev eg ikkje set, vistes etter — å segja på same vis som på fastmark. Det er helst opne gröfter langs-med bakken. Og hev nok vore til stor nytte for å få myri tyrrare, so det var farande uta på med hest.

Vatning hev nok ikkje vore


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brukt her. Det er heller ikkje
brukt i vår tid. ~~[illegible]~~.

Gjødsling.

Sp. 5. Når åkrane var gjødsla brukka ein all og allslag gjødsel som då var att å finne – i mottingi, smaleflooren, geitaflooren, do, rennesteinen, og dongane – og køyrde det utover engi: d. e. tabøen. Utslåttene ("markaslattå") fekk ikkje noko slag gjødsel. Alt var brukt innangjerdes – heime, på garfearskviene, og på stølskviene.

(Sjå elles svaret i emnelisteNr. 13: Gjødsel.) Jau, det var nok so at kvart engstykke skulde ha so og so mange lass hovd – so langt der var hovd å finne.

Sp. 6.

Sjå svar på sp. 1.

Sp. 7.

Sjå det som er svara i emneliste nr. 13. – Det at ein la åkrane på haugar og i bakkar, var neppe fordi at siget skulde koma engi tilgode som låg nedunder. Grunnen var nok heller at i bakkar og haugar var det varmare og meir drivande jord enn nede på flata. Og so var bakkejordi turrare og lettare å reita vekk i vatsåra – um det var slike. Ho var og lettare å arbeida med dei reidskap ein



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

då ha: treplogar, grev, og mölde-rivar. Men i tillegg til dette hövde det godt um det var ei god flata med tabö nedunder åkrane. Desse stykki heldt seg mykje ~~gildo~~ av siget og sparde hevd.

Sp. 8. Det var i all hovudsak vårgjödsling som var brukt. På einskilde gardar der ein ha kjötire i heimeflorane um sumaren kunde ein verta nöydd å köyra ut sumar-gjödsli for å få plass til vinter-gjödsli. "Garflors-skitnu" og "stöls-mokinga" vart og oftast utköyrd um hausten. Og elles ymse stekkar for å rydda upp i ut-husi til innsetjingi for vinteren.

Den gjödsli som skulde brukast um våren, vart for det meste utköyrd på snöföret. Dei ha sledar ~~til~~ berre til den köyringi. "Storsledane" kallast desse sledane. Karmen på sledane var laga på den måten at flautene var böygde upp på sidone (Are som var vaksen so) og so var det sett "gavlar" tverstover framme og bak.

Det var brukt "lausetindle" som kunde skuvast ut av "veiendet" når lasset skulde veltast. Til å halda tindle-ne på plass var det sett ei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
3882

 

vidja med ein togende
fast i den eine tindla gjenom
eit hol i den – litt framan
for veiendet. So drog ein vidja
etter togstubben over til den
andre tindla og sla med toget
eit kast rundt ein nabb
som stod på skrå upp og
ut til sides. Nabben stod i
vinstre tindla og vidja var fest
i högre. Sledane rånde so
ei 300 kg blaut mök. Elles
var storleiken på sledane etter
som gjödselköyringi var "tung"
eller "litt" på gardane. Og der
det var både "mot" og "med"
ha dei fleire slag storsledar
(d. s. vintersledar).

So ha dei eit par "råsledar"
til å rå åker og eng med
Dei var laga nett sameleis
som storsledane og rånde
umlag 150 kg. Men istaden
for laustindlor var brukt eit
slag drag dei kalla "lausdrette"
Det var tvo tindlor med
~~tvo~~ eit avlangt hol i kvar
i attarste enden. Hommelen,
som hadde ein stor treckrok
attover og med, var tynna
ut på endane og sett gjenom
om holi i tindlone so at
endane på hommelen-tvertre-
kom umlag ein tomme ut-
um tindla på utsida.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

På innsida (tett nedmed)).
tindlane var borre eit hol
etter ein "rivenavar". Gjenom
der var det drege i fin vidja
og sunnt tindla og over ei
skora midt på ytste homel=
endew og drege åt med
vanleg vidjeknute. Med
det sat hamelen på plass
So lyfte ein drette etter
trekraken og slengde han
upp i ein ~~opning~~ opningi
sledebotnen millom veiendet
og fremste gavlen. Kraken låg
på veiendet og drog sleden etter
det. Når ein so skulde tøma
sleden lyfte ein drette etter
kraken upp og tilsides ~~so~~
~~sto~~. Det var eit einaste
enkelt nevetak. So velte
ein lasset, tok kraken
att og slengde "draget" på plass
på veiendet, og køyrde.
(Eg køyrde sjølv med desse
sledane til eg var tjuge år.)
(Um gjødselkøyring og spreiding
og "smoldring" hev eg greidt ut
um fyrr, og kjem nok attende
til det sumare. Det vert nok
formykje å taka det att med
her. Er det likevel noko
som vantar nokonstad, so
berre seg frå, so skal eg fylla
ut solangt eg kan.)
Reidskapane ~~inn~~ dei gamle ha

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
3882

10. å hjelpa seg med var nok
ikkje so rare. Det var tre=
greip i trerekor – kanskje med
jarnskoing, torvelrakar, skodde
dei og kanskje. So var det grev
til å arbeida i åkeren med
og slå sund gjødsel og torv
med. Milderiva til å mol-
da (= mildi) med sakornet med.
Tregreip hev ikkje eg brukt;
men milderiva hev eg brukt
og hakkegrevet – i åkeren og
i torvlaugen og smalefloren.
Det var sint og tungt arbeid.
Eg hev og vore med og hakka
ned kornet med grev i alle
potetgjerdå i fleire år.
Det var slik at ein kasta
gjødsli på åkeren, som var
til poteter året før, utan fyrst
å pløgja, so sådde ein. Og
hakka so både korn og havre
ned med grev.
Sp. 9. At ein let husdyri
beite på eng og "slåtti" for gjødsli
si skuld, hev eg ikkje høyrt
umtala. Det var vel helst
avdi foret vart forlite at ein
laut beita. Likevel hev eg
høyrt ein gamall bonde her,
som i si tid var ein av
dei flinkaste i Naustdal, sa
um varbeiting med sau at:
"det gjer både bøen og sauene
god". Det var just i den tid

3882
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det var på moten med beit 
innefaring.

Um våren varde ein nok beste båna for "gnag". Det var tunnbøen som vart beitt av større dyr. – Sauene gjekk nok "meir over" og var ikkje so gode å gjeta – endå ungane – gjætleborni – fekk no vita dei var "på post".

Um hausten vart all bøen beitt, og til seint – til det snødde, ofte. Det galdt um å "hegda frå løket" – spara fôr frå fyrst av.

Markaslåtta varde dei og for beiting med å gjerde av større teigar med torv- og steingjerde. Ein kan sjå vistor etter slike inngjerdingar enno. Og restar av utlådor. Ingen slær meir i utmarki.

Sp. 10.

Det hev vorte til det i det siste, at mykje av småbøane er gjødsla med kunstgjødsel, og brukt anten heilt til beite, eller til vårbeite, og slått, med beite att um hausten. Kunstengi vert ikkje beitt. Ikkje so mykje den gode naturlege engi heller. Mange lagar seg beiter i utmarki. Det er vorte meir

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 3882

12. til det at eit godt beite
er like på naudsynt som
ei god inneføring. —
Spm. 11. Gjødsli etter beite av
storfe vart jamna utover
med rive, helst samstundes
med at bøen vart trust.
Noko serleg reidskap til sprei-
ding av gjødsli etter beitedyri
hev eg ikkje ~~~~ høyrt um.
Sp. 12.
Gardflorar hev ein den
dag i dag her-på alle gardar.
Styrki som vert gjødsla med
~~~~ gardflorstad kallar ein
gardflordsbøen, gardflors kvia
eller — kvigen, o. a.
Gardflorane stend "i
bøgarden" slik at ~~~ dyri
kann gå på utmarki og i
floren, og mattingi ligg inn-
unn gjerde. Av dette kjem vel
namnet — gardflor.
Det er vår og haust ein
nytta desse florane. Um
sumaren var buskapen på
stølen. Der ha ein stølsfloren
og med inngjerda kvie
— stølskvia. Mange stølar
og kviar er no i øyde.
Gjødselen køyrde ein ut
og spreidde antan um våren
eller tidleg på hausten — etter
som det best høvde. Ein

12

3882

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
~~~~

höyrde ikkje ut denne
gjödsli på vinterföret. Marki
som skulde gjödslast låg då
so nære ved. Og dessutan
var møttingane oftast hard-
frosne vinterstid – so at det
var lite vinning med ein
slik arbeids-skipnad.

Sp. 13.

Sauekvior höyrde eg ~~kk~~
ho bestemor fortalde um at
Korkona hennar (född 1812)
kunde minnast det var
brukt på grannegarden her
– Øybust –. Der var nokre
vide flator der dei ha grin-
dane som dei flutte burt-
over.

På garden her er ein
husmannsplass, her vore, som
heiter Kvierne. Plassen ligg
i utmarki. Og det ligg mar-
keslåtte inntil. Truleg hev
~~både~~ plassen og vore marka-
slåtte. Og heile arealet hev kanskje vore
brukt til kviing.

Ein annan stad på garden
er ei inngjarding som hei-
ter Bukkekvia.

På innmarki – småbøen –
er ein stad ein hev kalla
Mjölkevallen. Ho bestemor
fortalde at dei på stölen den
tid ho var budeigja bruka å

3882
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 mjølka um Kvelden i seks-
tidi. Og so gjekk Kyrne ute
på beite vidare utover Kvelden.
Eg hev tenkt på um det var
for skuld den same praksis
dette med "mjølkevall" kunne
kom seg.– Elles var det so at
det hr på-ikring-Mjølkevallen
ha vore eit inngjerding-
kring av Kyr?
Sp. 14.
Som ein vil sjå av
svaret til sp. 13. kan eg ikkje
gjeva noko upplysingar til
dette sp. Det same veit å
segja um sp. 15, 16. og 17.
Til å halda bjørnen burte
frå laustkupen o. d. på stølen
fortalde bestemor. at ho og
dei hine stølsgjentone sat u-
te på stølstunet i myrke
Kveldar og notter, og brende naar
på staurar som dei svinga
med. Det skulde vera til å
skræma bamsen burt frå støl-
ane. I den tid ha ein både
sau og geit på stølen og i
hus um natti, sameleis som
Kyrne. Både sauene og
geitene var mjølka. Og gjeten-
guten måtte passa å ha alt
småfeet under tak eller i
grindar på stølen um Kveld-
den.

3882
NORSK ETNOLOGISK GRANSKIN

Sp. 18.

Sauefjøs som det her nemnde kjenner ein ikkje til.

Sp. 19.

Jau, slike namn er her fleire av i bygdene her. Det ~~vert~~ formi: Tøene som vert brukt. – ~~Namnet~~ I Naustdalen er ein gard på Fimland som i dagleg tale er kalla: Tøene. I Førde sentrum (Førde i S.fj.) er ei vid flata (turr og hard voll) som har vore brukt til marknadsplass og i seinare tid til utstillingsplass heiter: Tøene. På ein støl her – Øygarstølen i Åsedalen er det ei flata innover frå stølen (utanum kvia) som er kalla Tøene. Alle desse tri stadene er like i dette: Det er jamne flator – heilt flatt – det er hard, turr voll som måtte høva godt til kviing av storfe.

Sp. 20. Til alle stølar her låg det kviar. Dei var i alle høve so store – vide – at ein fekk nytta den gjødsel som fall den tid ein ha buskapen på stølen. Frå gamalt var det lovleg å "leggja inn" so stor kvie at ein fekk

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3882

 

nytta den gjødsli som var på stølen. Men noko serleg utum det var nok ikkje lovleg å gjerda inn for slått.
Skipnaden med stølskveior er nok gamall. Kanskje like gamall som det er å ha flors-hus der.
So lenge folk brukar stølane hos, brukar dei òg å slå kveione. Men det er ikkje mange bruk som nyttar stølane sine no.
Av ei stølsgrend på ca 25 stølar er no ei 5-6 i bruk. Og dette er berre på ei 15-20 år. Dei bruki som enno er til støls - er slike som ikkje kan ha buskapen heime um sumaren.
Sp. 21. Grendi her ligg for langt frå sjøen til at det kunde verta noko av gjødsling med tang og tare. Oska var det einaste. Og um det hev eg fortalt um fyrr. — —
Eg trur ikkje det kan vera noko serleg å leggja til det som er upplyst um dette emne - som eg kan svara på. Likevel kan det vera mangt gløymt og gøymt. Ja, det er vel tolleg sikkert det.
Mykje er forsømt solois. —

Send meir papir!

3882
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING